

Kvinnherad kommune

SHA - PLAN

Oljeutskiljar elveborgjo

Omfattar oppgraving av massar, etablering av sandfangkum, til kopling til pumpekum og støyping av vaskeplate

Dato: 06.09.2023



**KVINNHERAD
KOMMUNE**

Innholdsliste

1 INNLEIING.....	2
1.1 Føremål med planen	2
1.2 Orientering om prosjektet.....	2
1.3 Målsetting for SHA	2
1.4 Informasjon og oppdatering av SHA-plan	2
2 ORGANISERING AV PROSJEKTET.....	2
3 FRAMDRIFTSPLAN	3
4 RISIKOVUDERINGAR OG TILTAK	4
5 RUTINER FOR BEHANDLING AV AVVIK	4
5.1 Rutinar for behandling av avvik frå SHA – plan.....	4
5.2 Rutinar for behandling av avvik på byggeplass.....	4
5.3 Vernerundar.....	5

1 INNLEIING

1.1 Føremål med planen

Denne planen for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA) gjeld for dette prosjektet «Oljeutskiljar elveborgjo» som omfattar oppgraving av massar, etablering av sandfangkum, til kopling til pumpekum og støyping av vaskeplate riving. SHA –planen er utarbeida i samsvar med krav i § 8 i Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygg og anleggsplassar (Byggherreforskriften), og er byggherrens overordna plan for styring av SHA arbeidet i prosjektet.

1.2 Orientering om prosjektet

Omfattar oppgraving av massar, etablering av sandfangkum, til kopling til pumpekum og støyping av vaskeplate.

1.3 Målsetting for SHA

- Ingen uønskt hendingar som fører til død eller alvorleg personskade.
- Ingen skader med fråvær til fylgje.
- Ingen påverknad på personar som fører til svekka helsetilstand.

1.4 Informasjon og oppdatering av SHA-plan

Koordinator for SHA i prosjekteringsfasen (KP) er dokumentansvarlig for planen fram til bygge- og anleggsarbeide startar opp. Koordinator for SHA i utføringsfasen (KU) er dokumentansvarleg for planen i utføringsfasen av prosjektet.

Entreprenør skal risikovurdere eigen planlegging, prosjektering og utføring. Første revisjon vil være når TE har utarbeidet si tiltaksliste med spesifikke tiltak. Deretter skal SHA planen reviderast ved avvik eller ved endringar i prosjektet

Tabell 1: Distribusjonsliste

Namn	Firma	Rolle
Terje Natland	Kvinnherad kommune	Byggherre/Prosjektleder
Tore Nerhus	Kvinnherad Kommune	Byggherre/Prosjekteringsleder / (Ku)
Entreprenør	Entreprenør	Prosjektleder/byggeleder

Gjeldene versjon av SHA-plan skal i tillegg vera lett tilgjengeleg på bygge- og anleggsplassen.


Alle som oppdagar feil eller manglar i planen eller endra risikoforhold, har ansvar for å melde om dette til byggherren, jf. Kap.5.

Planen skal oppbevarast i seks månader etter at bygg- og anleggsarbeidet er avslutta.

2 ORGANISERING AV PROSJEKTET

Prosjektet skal gjennomførast som ein GENERALENTREPRISE.

Organisasjonskart:



3 FRAMDRIFTSPLAN

Overordna framdrift for prosjektet framgår av konkurransegrunnlaget og entreprenørens tilbydde framdrift.

Entreprenør har ansvar for å utarbeide og vedlikehalde ein detaljert framdriftsplan for egne og eventuelle andre ein vel å knyta til seg i prosjektet. Framdriftsplanen skal utarbeidast før oppstart av arbeida og gjeldande utgåve av planen skal vera synleg på byggeplass. Planen skal ta omsyn til og ha fokus på å unngå skader på liv, helse og miljø. Det er difor viktig at det er avsett nok tid til at tryggleikstiltaka kan gjennomførast.

Overordna framdriftsplan frå byggherre:

Aktivitet:	Tid:
Utlysing	08.09.2023
Tilbodssynfaring	12.09.2023
Tilbudsfrist	20.09.2023
Kontraktsinngåing	Veke 39
Forventa oppstart	Oktober 2023
Ferdigstilling	November 2023
Overtaking	November 2023

4 RISIKOVUDERINGAR OG TILTAK

Entreprenør skal risikovurdere sine arbeidere før oppstart. Plan for gjennomføring av arbeidet skal gjennomgåast og godkjennast av byggherre før oppstart. Ved unntak må det utarbeidast egne rutinar for dette, slik at risikoen er akseptabel. Risikofylte arbeidsoperasjonar skal planleggjast og implementerast i framdriftsplanen. Eventuelle egne SJA planar for særskild risikofylte arbeidsoperasjonar skal vera kjente og gjennomgått av alle før gjennomføring.

Liste med ID risiko for prosjektet skal besvarast og sendast til byggherre før oppstart.

5 RUTINER FOR BEHANDLING AV AVVIK

5.1 Rutinar for behandling av avvik frå SHA – plan

Med avvik i denne samanheng meinast endringar på løysingar, planar, framdrift, risikoreduserande tiltak og andre forhold i prosjektet som kan påverke SHA for arbeidstakerane på bygg- eller anleggsområde.

Entreprenør skal informere byggherre om avvik frå SHA planen som kan ha betydning for arbeidstakarane sin sikkerhet, helse og arbeidsmiljø. Risikoforhold som er forårsaka av byggherre og/eller prosjekterande sine val, og som ikkje er beskrevet i SHA plan skal og meldast som avvik til byggherre.

For utføringsfasen skal informasjon og melding om avvik sendast byggherre ved KU. KU skal fortløpande:

- Holde byggherre orientert om avvik knytt til SHA plan.
- Følgje opp at risiko som følgjer av avvik vert vurdert.
- Syte for nødvendig risikoreduserande tiltak vert identifisert.
- Syte for at tiltak vert avgjort, iverksett og kommunisert.
- Syte for at SHA plan oppdaterast med omsyn til dette.

Byggherre skal avgjere og godkjenne tiltak og nødvendige oppdateringar av SHA plan. SHA – avvik i prosjekteringsfasen skal meldes til KP som skal handtere avviket i SHA planen.

5.2 Rutinar for behandling av avvik på byggeplass

Avvik skal sendast til næraste overordna. Innrapporterte avvik skal løysast (lukkast) på lågast mogleg nivå, der dette er mogleg.

Mottakar – er næraste overordna. Mottakar skal svare og registrere avvik skriftleg til han/ho som har innrapportert avvik med kopi til KU med oppfølging og tiltak. Der avvik er av slik art at det må takast høgare opp i organisasjonen skal same prosedyre følgjast.

Dokumentasjon av avvik og oppfølging skal sendast som kopi til KU.

Alle RUH skal loggførast i byggemøte referat.

* Det skal føreligge skriftleg avviksmelding. Ulykker med personskade skal rapporterast til Arbeidstilsynet og Politi. Arbeidsgjevar er ansvarleg for varslinga.

5.3 Vernerundar

Entreprenør skal gjennomføra vernerunda kvar 14 dag med kopi til byggherre. Byggherre skal ha moglegheit til å delta på vernerunde.